



SUNNHORDLENDINGEN

MEDLEMSBLAD FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND

Haust 2022 med invitasjon til julemøtet

Gode medlemmer!

Vi i Styret har stor glede av å ynskja deg velkomen til

ÅRETS JULEMØTE

På Stord Hotell onsdag 30.11.2022 kl. 14.30.

Du må gjerne invitera med deg fylgje om du ynskjer det.

MENY: Juletallerken med pinnakjøl, svineribbe og det som tradisjonelt høyrer til, karamellpudding med krem og karamellsaus, kaffi eller te. Sei frå dersom du har allergi som hotellet må ta omsyn til.

Drikke til maten syter ein for sjølv.

UNDERHALDNING:

I år kjem endeleg Stig Bohne frå Turop med informasjon om nye turar. Vi prøver også med loddsal, etter gamalt. Denne gong kjøper laget inn gevinstar.

PRISAR: Medlem kr. 200 p.p. Ikkje medlem kr. 575,00 p.p.

Påmelding ved betaling til konto **0531 43 00299** Postpensjonistane i Sunnhordland.
Merk innbetalinga med namn.

Båt frå Kvinnherad kl. 13.45. Vi vil skaffa skyss frå kaien til dei som kjem med båten. Sei frå til Eli om du treng skyss. Retur til Kvinnherad med båten kl. 18.05. Dersom de lurar på noko er det berre å ringja til Eli tlf. 957 86 228.

PÅMELDING INNAN 15. NOVEMBER 2022.

Vi ser fram til julemøtet og håpar å sjå mange av dykk der.

Beste helsing Styret ved Eli

REFERAT FRÅ TUR MED POSTPENSJONISTANE 21.09.22

I år gjekk lokalturen vår til Uskedalen i Kvinnherad. Deltakarane frå Bømlo, Stord og Fitjar møttest på kaien på Leirvik i lettskyha haustver. Me gjekk om bord i snøggbåten til Sunde der bussen og fleire medpassasjerar venta. Ansgar Bjelland tok på seg guiderolla og fortalte interessant om område me kjørte gjennom. Etter me passerte Husnes bar det strake vegen til Uskedalen. Bussen parkerte i sentrum, me strekte på beina og plukka opp fleire medpassasjerar, frå Tysnes og indre Kvinnherad, her kom også leiar i laget vårt, Eli Roseth Eik, og turleiar Kristian Bringeland på bussen. Me var totalt 29 personar på tur. Då var det tid for å setja kursen oppover dalen.

Første stopp var ved skulemuseet på Haugland. Her tok Kristian på seg den gamle, myndige lærarrolla. Me hadde salmesong, høgtlesing frå bibelsoga, landkunna og skjønnskrift. Dette vart ei artig stund der me sat på dei gamle, små pultane og var tilbake til barndommen og kjente på respekten for den myndige læraren. Etter skuletimen var omme fekk me servert gode kaker og kaffi før det var tid å kjøra vidare.

Nokre av oss hadde ikkje vore oppover dalen før og vart overraska over kor langt det er til endes. Me passerte gardsbruk med grøne bakkar og steile, blankskurte fjell så her er det mykje natur og festa augo på. Mest til endes kjørte me gjennom ei grindopning og inn på ein enno smalare veg(her hadde det visst ikkje kjørt buss før!)

Turleiar Kristian fortalte svært engasjert om alt me såg langs vegen.

Siste vegstykke rusla me opp mot fjellgarden Fjellandsbø der me gjekk gjennom tunet og såg korleis driftige, unge folk held på og utvida og setja istand det gamle tunet. Det var ein fin gåtur i vakkert haustver og me fekk nyta den storslåtte utsikta.

På veg nedover dalen stoppa me ved Friheim gardsmat. Der fekk me høve til å kjøpa lokalproduserte kjøttvarer: bacon, diverse middagspølser(svært velsmakande) og spekepølser, dei sel kun frå gardsbutikken.

Tilbake i Uskedalen kjørte me nedom Beinavikjo, det gamle sentrum i bygda, der fekk me veta at det var stor aktivitet for ein del år tilbake, med blant anna dampskipsanløp. No er område gjort om til leilighetsanlegg og turleiar Kristian som har leilighet med flott utsikt over fjorden var raus og inviterte oss inn i leiligheten sin. Han er også ein samlar så der er det mykje å sjå på.

Me kjørte til Perla vertshus ved båthamna. Der fekk me servert god middag med dessert, og det vart også tid for ein drøs. Så var det på tide å ta farvel og bussen tok oss til kaien på Sunde. Nokre skulle andre vegen og hadde bilen parkert i Uskedalen.

Ein fin dag saman med gode postkollegaer!

Takk til Eli som har arrangert turen og takk til Kristian for mykje interessant informasjon.

Ref.Mariann

Referat frå turen finn de også på sida vår. Der har Unn lagt inn bilete frå turen. Gå inn på www.postpensjonistene.no, under overskrifta går de til Avdelingene. Her finn de Sunnhordland si fane. God lesnad.

I oktober var det planar om medlemsmøte med fyrstehjelpskurs med instruktør frå Stord Røde Kors. Dette møtet er utsett til januar. Merk alt no av dagen 18.01.23 kl. 14.30 i møtelokala til Røde Kors på Heiane. Her får vi mellom anna instruksjon i bruk av hjartestartar. Kurset vert gratis.

Styret er samansett slik:

Leiar Eli Roseth Eik	Tlf. 95786228
Nestleiar/skrivar unn Sara Spissøy	Tlf. 90780345
Økonomiansvarleg Kari Tysnes Kjos	Tlf. 91566184
Styremedlem Gerd Waage Skålevik	Tlf. 95454628
Styremedlem Mikal Saltvik	Tlf. 92083745
Varamedlem Nils Vestbøstad	Tlf. 91799636
Varamedlem Berit Bergsvåg	Tlf. 90046897

Turkomiteen: Marianne Helseth Tlf. 93410577 og Berit Bergsvåg, Tlf. 90046897.

Nytt medlem: Grete Hauge
Vi ynskjer henne hjarteleg velkomen i laget vårt.

Vi ynskjer jubilentane vår hjarteleg til lukka med dagane dei har feira.

75 år

Brit Karin Sæverud – 02.10.
Inger Toril Tjelle Sortland – 07.10.

70 år

Kari Tysnes Kjos – 18.09.
Marianne Veivåg Helseth – 17.10.

60 år

I sommarutgåva hadde eg eit svært beklageleg uhell. Det vart retta til papirutgåva, men e-posten var sendt. Vi set stor pris på ungdomane våre. Eg presiserer at Margete Gjerald Mehl IKKJE var 65 år 17.mai. Ho var berre 60 år. Gratulera så mykje med dagen som var til den spreke ungdomen vår.

Vi minner om Grasrotandelen.

Vi håpar de vil gje laget vårt dykkar del.

Då må de oppgje org. nummeret vårt **998 328 322.**

Grasrotandelen er på 7.0% Vi har no 4 gjevarar (ein nedgang frå 5) som har utløyst kr. 4202,10 i tilskot så langt i 2022. Vi håpar sjølvsagt på fleire gjevarar som vil auka tilskotet til kassen vår.